

Pulsvantar/håndringar

Når ein studerar klesdrakta på gamle bilder frå 1880-90-åra, kan ein både hjå karar og kvinner sjå at det stikk fram noko fint framom framkanten på trøye-ermane. Denne pynten og mønstera kunne sjå så ulike ut. Vi har i Nord-Østerdalen funne nokre fått sett med eldre pulsvanter, – eller ”håndringar” som det vart kalla i Folldal. I Oppdal vart det kalla ”avlongar” (av ordet avle, handleddet). Fyriarmar, føreermar og håndringar var tre ulike ord som var nyitta i Hallingdal. Andre namn elles i landet er armringar, vevlingar eller muflar.

Mykje tyder på at dekorative pulsvantene var i bruk over heile landet av både kvinner og menn, vaksne og barn. Pulsvanter gjekk av moten tidleg i førre århundre, rundt 1920, men har no fått sin rennessanse, har blitt på moten att. Til karbunaden i Hallingdal har det heile tida blitt bruka flotte og dekorative fyriarmar, ofte med årstal og bokstavar.

Fine og forseggjorte pulsvantene var bruka som kjærastegåver, friargåver. Jentene strikka, hekla eller sydde armringar til guten dei hadde eit godt auga til. Desse dekorative armringane var først og fremst stasplagg til finbruk, til kyrkjebruk og bryllup. Når dei var



Tallerås-enkja med dei 5 ungane sine 1881.
Merk dei fine håndringane. (Repro: Nøm 32415).

strikka med perler til dekor, var dei ekstra gjeve. Til kvardags var det enklare, uvandare typer, strikka i ufaraga garn. Desse var nyttige når det var kaldt og ein fraus. Held ein seg varm

rundt handledda, frys ein ikkje så fort elles heller.

Håndringane gøynde ofte det som var skittent eller slite. Var skjorta heil og fin med tungekantar, kunne dei godt stikke ut under pynten, under perlene. Men svært ofte vart det berre brukta lauskrage innafor trøya, jakka. Da var det praktisk med armringar. Det var det også dersom trøya var stutt, slite

eller skitten. Særleg praktisk var det med dekorative håndringar til barn som hadde vakse ut av skjortene sine.

Vi tek med mønster og nokre bilder som viser ulike typer håndringar funne i Folldal, Alvdal og Tynset.

Kirstine Prestmoen Tallerås,
2584 Dalholen

